



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/91-

13. mai 2019

NTP 2022-2033 Invitasjon til møte om utfordringar

Eg takkar for aktiv medverknad på det fyrste møtet i den politiske kontaktgruppa 8.mars, der vi diskuterte arbeidet som ligg føre oss med ny Nasjonal transportplan 2022-2033. På møtet viste eg mellom anna til invitasjonen om å spele inn utfordringar på transportområdet framover, der fristen er satt til 10. mai. Vi varsla også at vi ville invitere til regionvise møte med fylkeskommunane, storbyane og Sametinget der vi ønskjer å diskutere desse utfordringane nærare.

Nordland, Troms og Finnmark fylkeskommunar og Sametinget blir inviterte med dette til møte 6.juni kl. 11:00-14:00 på Fylkeshuset Troms, Strandvegen 13 i Tromsø. Fylkeskommunane og Sametinget blir inviterte til å stille med inntil tre representantar frå politisk nivå. I tillegg er det høve til å delta med inntil to personar frå administrasjonen som støtte.

Formålet med møtet er å få presentert og drøfta dei viktigaste utfordringane når transportsystemet i regionane skal utviklast framover. Eg vil ta utgangspunkt i innspela som har frist 10.mai, og ønskjer å diskutere kva for utfordringar som er dei mest sentrale når ny NTP skal utarbeidast.

Møtet blir lagt opp med ein felles introduksjon og innleiing, og deretter ønskjer eg å møte kvar region til separate møte med politisk leiing i SD.

1. Innleiing og overordna problemstillingar v/statsråden, fylkeskommunane og Sametinget.
2. Møte med Nordland fylkeskommune

- a. Presentasjon av hovudutfordringane
 - b. Spørsmål, kommentarar og diskusjon
3. Møte med Troms og Finnmark fylkeskommunar
- a. Presentasjon av hovudutfordringane
 - b. Spørsmål, kommentarar og diskusjon
4. Møte med Sametinget
- a. Presentasjon av hovudutfordringane
 - b. Spørsmål, kommentarar og diskusjon

Utfordringsmøta dannar grunnlag for den vidare NTP-prosessen. Vi inviterte fylkeskommunar, Sametinget og storbyar til å spele inn kva ein ser som dei største utfordringane i dag og i framtida, jf. brev av 18. februar 2019. Vi bad vidare desse om å vurdere kva rolle innføring og utvikling av ny teknologi kan spele. For den vidare NTP-prosessen vil det vere til stor hjelp med klare og tydelege innspel på desse spørsmåla.

For å lukkast i transportpolitikken er vi avhengige av ein best mogeleg dialog og godt samarbeid mellom forvaltningsnivåa. I denne NTP-prosessen har eg ønskt ei tidleg involvering av regionalt nivå og prosessen er lagd opp i fasar. I denne fyrste fasen diskuterer vi hovudutfordringane til regionane, som skal gi grunnlaget for neste runde med innspel knytte til prioriteringar. Vinteren/våren i 2020 planlegg eg ein ny møteserie med fylkeskommunane, Sametinget og storbyane om prioriteringar. Formålet er å gjere NTP-prosessen og dialogen mellom forvaltningsnivåa målretta og fruktbar for alle partar.

Format for møtet

Eg vil leggje til rette for ein god politisk dialog om utfordringar for transportsystemet. Ut over politikarane vil det vere tilstades representantar frå administrasjonen i SD, etatane og verksemdene, KS, i tillegg til administrasjon frå fylkeskommunane og Sametinget. Eg vil sjølv leie møtet, saman med statssekretær Allan Ellingsen.

Det blir servert lunsj. Eg ber om påmelding innan 31. mai til: kontorstotte@sd.dep.no
Dersom det er spørsmål kan de kontakte Paal Iversen 411 62 861/22 24 81 74

Med helsing

Jon Georg Dale

Adresseliste

Finnmark fylkeskommune

Nordland fylkeskommune

Sametinget

Troms fylkeskommune